

Ryddeksjon på Skorpo og Snilstveitøy i dag.

08.04.2017



Store mengder restavfall, kvitevarer og metall vart henta inn frå øyane Skorpo og Snilstveitøy i dag. Oscar Langballe og Tor Bakke stod for all transport til Børneskaiaen.

Det vart gjennomført ein stor ryddeaksjon på Skorpo i dag. Med servicebåten CORNELIA vart det samla og henta 20 kubikk med restavfall, kvitevarer og metall. Dette er eit miljøtiltak SIM har for veglause bygder. Frå Snilstveitøy vart det henta langt meir, tilsaman 7 konteinrar. Dagleg leiar på miljøstasjonen på Husnes, Oscar Langballe, var sjølv med på innsamlinga.

Servicebåten CORNELIA med kran var innleigd frå Fjelbeg Fjordbruk. Tor Bakke førte båten og var ansvarleg for at alt innsamla restavfall og skrot vart frakta til Børneskaiaen. Frå Børnes vert det transport med lastebil til miljøstasjonen for sortering.



Med kran vart det sett i land 9 konteinrar og ein bil på Børneskaien.

Hyttefolk og fastbuande på Skorpo er godt nøgde med SIM sitt tilbod om å bli kvitt avfallet på denne måten. Dette er som sagt berre eit tilbod for veglause bygder, for dei som ikkje kan levera til næraste miljøstasjon på vanleg måte. Den årlege innsamlinga har vore i den noverande form i tre år. Før den tid måtte ein sortera og gjera klart for henting med frakteskuta KARLA. Det var langt meir tidkrevande og meir sjeldan gjennomført.

Strandrydding var ikkje ein del av aksjonen i dag. På møte i Uskedal utvikling onsdag 3. mai vert plast og marin forsøpling tema. Etter dette vert det iverksett tiltak. Uskedal Båtlag, Elveeigarlaget, Bondelaget, velforeningar, skule/barnehage og andre innan næring vert inviterte til å delta på møte.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal